



Mons Kjetil Vevle  
Hovdavegen 24  
5282 LONEVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1120 - 23/13688

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no

Dato:  
19.06.2023

## Lonevåg Hjortevald - Svar på søknad om endring av teljande areal. Vedtak.

### VEDTAK

I medhald av hjorteviltforskrifta § 8 og Osterøy kommune sin forvaltningsplan 2022-2025, vert teljande areal for gjeldande jaktfelt i Lonevåg hjortevald, godkjent som følger:

Jaktfelt	Godkjent, nytt areal	Endring i høve til tidlegare
Byrkjeland/Hovden/Gjerstad	1866 daa	928 daa
Njåstad	3227 daa	790 daa
Antun/Hagebø	2050 daa	1101 daa
Solberg/Lone	3341 daa	1371 daa
Låstad	2315 daa	1080 daa
Kleppe Nore	1285 daa	410 daa
Kleppe Søre	1054 daa	486 daa

Nytt teljande areal for Lonevåg hjortevald, er godkjent til 27 076 daa.

Endringane vert gjort gjeldande frå og med jakta i 2023.

Dei godkjende areal for jaktfelta og valdet, skal registrerast i Hjorteviltregisteret.

### Bakgrunn/saksframstilling

Osterøy kommune viser til søknad frå Lonevåg hjortevald av 30.03.23, v/ Mons Kjetil Vevle, om oppjustering av godkjend, teljande areal for jakt følgjande jaktfelt i valdet, med arealendring:

Jaktfelt	Teljande areal i dag	Søknad nytt, teljande areal	Endring
Byrkjeland/Hovden/Gjerstad	938 daa	1866 daa	928 daa
Njåstad	2437 daa	3227 daa	790 daa

Antun/Hagebø	949 daa	2050 daa	1101 daa
Solberg/Lone	1970 daa	3341 daa	1371 daa
Låstad	1235 daa	2315 daa	1080 daa
Kleppe Nore	875 daa	1285 daa	410 daa
Kleppe Søre	568 daa	1054 daa	486 daa
SUM	8972 daa	15 138 daa	6 166 daa

Lonevåg hjortevald er i dag registrert med 20 910 daa som teljande areal. Endringa det vert søkt om, vil i dette høvet gje 27 076 daa som nytt areal (avrunda).

Søknaden om arealendring tek utgangspunkt i politisk vedtak i Osterøy kommune om å inkludere alt jordbruksareal som teljande areal, og å setje øvre høgdegrensse til 600 m.o.h., jf. Forvaltingsplan for hjort i Osterøy kommune 2022-2025.

Fram til no har det ikkje vore sett noko fast høgdegrensse for teljande areal. Fastsetjinga har i dette høvet vore gjort på grunnlag av NIBIO sitt Gardskart (AR 5), med 13 markslagsklassar, der «Skrinn fastmark» og «Bebygd, samf., vann, bre» ikkje har inngått som godkjent areal.

Grunna kommunen si fastsetjing av høgdegrensse, har «Skrinn fastmark» no kome inn att som teljande areal, med dei arealendringane dette medfører. Ut over dette, skal reglane for teljande areal i Forskrift om forvaltning av hjortevilt (hjortevilt-forskrifta) § 8, liggje til grunn for godkjenning av teljande areal.

Søknaden om arealendringa frå hjortevaldet, består av søknadsskjema for kvart av dei aktuelle jaktfelta, med arealoversyn for kvar enkelt eigedom, fordelt på «totalt areal» og «teljande areal». Arealta er tekne frå NIBIO sitt Gardskart (AR 5), med 7 markslagsklassar. Kvart skjema er signert av representantar for aktuelle jaktfelt. Kart over jaktfelta og valdet, er ikkje lagt ved søknaden.

#### Formelt grunnlag/rammer:

- Forskrift om forvaltning av hjortevilt, med Rundskriv M-478
- Forvaltingsplan for hjort for Osterøy kommune, 2022 - 2025
- Forskrift om minsteareal for hjort, Osterøy kommune, Vestland
- Vedtak i Planutvalet i Osterøy kommune, 25. mai 2023.

#### Saksvurdering

Søknaden om endring av teljande areal er sendt skriftleg til kommunen innan fristen 1. mai, jf. hjorteviltforskrifta § 11. Søknaden er tilstrekkeleg opplyst etter § 11 i forskrifta, for å kunne gjennomføre sakshandsaming med vedtak.

I følgje hjorteviltforskrifta § 8, er den overordna definisjonen for «teljande areal» som følgjer:

- «For elg, hjort og rådyr skal kommunen som hovudregel regne skogareal og mye under skoggrensa som tellende areal. Med skogareal menes både produktiv skog og uproduktiv skog, både lauvskog og barskog. Kommunen kan godkjenne andre arealtyper som tellende areal der disse har stor betydning for vedkommende art».

Osterøy kommune sin forvaltingsplan for hjort, har følgjande formulering om godkjenning av teljande areal, jf. punkt 2.3.1:

- «*Dette gjeld frå 1.1.23: Kommune godkjenner all dyrka mark som teljande areal. Skoggrensa vert sett til 600 MOH og areal under denne høgdegrensa skal gjelde som teljande areal. Vatn og tjørner med areal over 500 m<sup>2</sup> vert trekte ut som teljande areal. Areal nytta til sentrumsføremål, opparbeidd til industri eller som openbert ikkje er ein del av arten sitt naturlege habitat vert å trekkje ut.*».

Sakshandsamar har gått gjennom arealtala for dei aktuelle jaktfelta, og kontrollert oppført areal for kvar eigedom, med Gardskart som utgangspunkt. Gjennomgangen viser at markslaget «*Bebygd, samf.,vann, bre*» i enkelte høve er teke med i teljande areal. Dette markslaget utgjer som regel eit lite areal, men skal ikkje takast med i følgje definisjonane. Arealet er difor trekt ut som godkjent talgrunnlag for gjeldande eigedomar.

Sakshandsamar har også vore merksam på felleseige mellom fleire eigedomar i fjellet, og at desse ikkje er ført opp av fleire eigedomar i sameige. Det same gjeld for «*tvisteteigar*». Desse areala er også kontrollerte i høve til gjeldande høgdegrense (600 m.o.h.).

Gbnr. 15/1-9,9,16 i Låstad jaktfelt, har 924 daa med felleseige i fjellet (gardssameige) i følgje gardkartet. Sameiga ligg i si heilskap under 600 m.o.h, og er soleis teke med som teljande areal.

Som følgje av at «*alt*» areal under 600 m.o.h. skal inngå som teljande areal i følgje kommunen sin definisjon, fell markslaga «*jorddekt fastmark*» og «*skrinn fastmark*» inn under omgrepet. Desse markslaga er som oftast utan tresetting, og kan ha vesentleg innslag av impediment (fjell i dagen), spesielt «*skrinn fastmark*». I dette høvet innfrir likevel slik areal under 600 m.o.h., kommunen si høgdegrense, sjølv om dei ikkje er skogkledde, jf. hjorteviltforskrifta sin hovudregel. Derimot seier kommunen sin definisjon at areal som openbert ikkje inngår som del av hjorten sitt naturlege habitat, ikkje skal takast med som teljande areal. I gjeldande tilfelle er dei nemnde areala rekna med i hjorten sitt årsleveområde, med godkjenning av areala som teljande, ut frå gjeldande høgdegrense.

Det er utfordrande å få til ei heilt nøyaktig fastsetjing av teljande areal. Utgangspunktet har difor vore å få til ei så god tilnærming som moglege, ut frå gjeldande rammer/definisjonar.

Med bakgrunn i kommunen si grunngevinga ovanfor, vert det gjort følgjande endringar i godkjent areal for jaktfelta:

<b>Jaktfelt</b>	<b>Teljande areal i dag</b>	<b>Søknad nytt, teljande areal</b>	<b>Godkjent, nytt areal</b>
<i>Byrkjeland/Hovden/Gjerstad</i>	<i>938 daa</i>	1866 daa	<b>1866 daa</b>
<i>Njåstad</i>	<i>2437 daa</i>	3227 daa	<b>3227 daa</b>
<i>Antun/Hagebø</i>	<i>949 daa</i>	2050 daa	<b>2050 daa</b>
<i>Solberg/Lone</i>	<i>1970 daa</i>	3341 daa	<b>3341 daa</b>
<i>Låstad</i>	<i>1235 daa</i>	2315 daa	<b>2315 daa</b>
<i>Kleppe Nore</i>	<i>875 daa</i>	1285 daa	<b>1285 daa</b>
<i>Kleppe Søre</i>	<i>568 daa</i>	1054 daa	<b>1054 daa</b>

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av kommunelova § 5-3 og delegert mynde, jf. Osterøy kommune sitt delegasjonsreglement.

### **Klage**

Det vert gjort merksam på at dette er eit vedtak gjort av kommunen som kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forvaltningslova § 28. Klagefrist er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova § 29. Klagen skal stilast til Statsforvaltaren Vestland, men sendast til Osterøy kommune. Klagen må grunngjevast. Part har høve til dokumentinnsyn, jf. forvaltningslova §§ 18-19

Med helsing

Arnstein Øvsthus  
kommunalsjef

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.